

Møteprotokoll

Utval: Verneområdestyret for Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane

Møtestad: Storsteinhytta, Suldal

Dato: 3.9.2014

Tidspunkt: 08.00 – 09.30

Følgjande faste medlemmer møte

Namn	Funksjon	Representerer
Margunn Nedrebø	Medlem	Gjesdal kommune
Trine L Danielsen	Medlem	Hjelmeland kommune
Brit Olimstad	Medlem	Kvinesdal kommune
Jonny Liland	Nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	Medlem	Suldal kommune
Tarald Myrum	Leiar	Valle kommune
Oddmund Ljosland	Medlem	Åseral kommune
Hilde Gunn Bjelde	Medlem	Rogaland fylkesk.
Oddlaug Tjomsland	Medlem	Vest-Agder fylkesk.
Maiken Messel	Medlem	Aust-Agder fylkesk.

Følgjande medlem hadde meldt forfall

Namn	Funksjon	Representerer
Leiv Rygg	MEDL	Bygland kommune
Ragnhild Bjåen	MEDL	Bykle kommune
Ole Tom Guse	MEDL	Forsand kommune
Ånen Werdal	MEDL	Hægebostad kommune

Følgjande varamedlemmer møte

Namn	Møtte for	Representerer
Margrethe Handeland	Ånen Werdal	Hægebostad kommune

Frå administrasjonen møte

Namn	Stilling
Tarjei Haugen	Verneområdeforvaltar
Guro Sødergren	Verneområdeforvaltar
Alf Odden	Verneområdeforvaltar

Underskrift

Vi stadfestar med underskriftene våre at innhaldet i møteprotokollen samsvarer med vedtaka på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Brit Olimstad (sign.)

Hilde Gunn Bjelde (sign.)

Sakliste

Utvals- saksnr.	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr.
ST 26/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 27/14	Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 28/14	Referatsaker		
ST 29/14	Orienteringssaker		
ST 30/14	Søknad om økonomisk støtte til utarbeiding av skjøtselplan/lyngheiprojekt i Bygland og Åseral kommunar		2014/2391
ST 31/14	Vurdering av nasjonalpark som verneform		2014/3412
ST 32/14	Søknad om dispensasjon om helikoptertransport i Dyraheio landskapsvernområde, Gnr/Bnr 56/1, Suldal kommune, Jon Bråtveit		2014/3472
ST 33/14	Svar på klage jf. vedtak AU-sak 20/2014- Angående dispensasjon til snøskuterkjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiene og Frafjordheiene landskapsvernområde- Sandnes Røde Kors Hjelpekorps		2014/3310
ST 34/14	Storåprosjektet - Sira-Kvina sin førespurnad om igangsetting av konsekvensutgreiingar		2014/3437
ST 35/14	Høringsuttale til konsekvensutgreiingsprogram for kraftlinja Sauda-Lyse i Vormedalsheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune		2014/3438
ST 36/14	Søknad om transport med helikopter i samband med produksjon av rakfisk - Jan Brekke - Pytten i Bygland kommune		2014/3528
ST 37/14	Eventuelt		

ST 26/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Styret hadde ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjende.

Vedtaket var samrøystes

ST 27/14 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Brit Olimstad og Hilde Gunn Bjelde vart føreslegne til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Brit Olimstad og Hilde Gunn Bjelde vert valde til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes

ST 28/14 Referatsaker

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Oversyn over delegerte vedtak i sekretariatet mai – august 2014 var sendt ut saman med møteinnkallinga. Ingen hadde spørsmål til sakene.

Vedtak

Oversyn over delegerte vedtak i sekretariatet vert tatt til etterretning.

Vedtaket var samrøystes

ST 29/14 Orienteringssaker

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Orienteringar i styremøtet

- SNO orienterte om oppsyn. Nokre få tilfelle av ulovleg motorferdsle er melde til politiet, Dei SNO – tilsette i regionen vår har også fått nye arbeidsoppgåver utanom verneområda i SVR.
- Forvaltingssekretariatet gjennomførde aktivitetsdag for skulane i Åseral, Hægebostad og Kvinesdal i juni. SNO og Norsk Villreinsenter var også engasjerte i aktivitetane. Tilbakemeldingane er svært positive. Vi må halde fram med desse arrangementa også til neste år.
- SVR, SNO og Suldal Fjellstyre gjennomførde ein heietur for ungdomar i Suldal rett før skulestart. Dette er arrangement som har vore gjennomførde i fleire år med stor suksess. Neste år må ein satse på at dette også kan gjennomførast i Hjelmeland og Bykle.
- Sekretariatet har arbeidd med å få på plass eit seminar i Åseral 23. september. Seminartittelen er «Vilkårsrevisjonar i villreines rike». Påmelding til seminaret er i gang. Seminaret vert arrangert i samarbeid med Villreinnemnda.

- Sekretariatet arbeider med eit fagseminar om kulturminna i heia. Arrangementet vert lagt til Tingvatnsenteret i Hægebostad i oktober eller november. Målgruppa er kulturminneinstitusjonar i regionen. Programmet er laga i samarbeid med Setesdalsmuseet, Tingvatnsenteret og Vest- Agder fylkeskommune.
- Sekretariatet gjekk kort gjennom tre initiativ/brev på nasjonalt plan som kan få konsekvensar for verneområdestyret.
 - Brev frå USS til Klima- og miljødepartementet med ynskje om at departementet følgjer opp Riksrevisjonen sin evaluering av den nye forvaltingsmodellen.
 - Brev frå Klima- og miljødepartementet til Justis- og politidepartementet der dei ber om ei juridisk vurdering av grunneigarrepresentasjon i verneområdestyra.
 - Oppnemning av arbeidsgruppe i Kommunal- og moderniseringsgruppe. Gruppa skal vurdere om utmarksforvaltninga kan forenklast. Gruppa skal leve innstilling 1. desember i år. Statskog er representert i arbeidsgruppa. USS har fått avslag på ynskjer om å få med ein representant.

Sekretariatet må fylgje med på desse sakene og vurdere om det kan vere nødvendig og naturleg at verneområdestyret følgjer opp med eigen utale i desse sakene.

- Forvaltingsplanen er sendt på høyring. Det har hittil kome inn i overkant av ti høyringsuttalar. Ingen markante innvendingar har kome inn, men ein del viktige presiseringar. I løpet av hausten vil det bli gjennomført orienteringar i alle kommunane. Alle styremedlemmen bør deltaka på orienteringane i eigen kommune. Styreleiar og nestleiar må ha eit drøftingsmøte før nyttår med Miljødirektoratet.
- Sekretariatet orienterte om inngrep i Frafjordheiane landskapsvernområde. Lyse Produksjon har gjennomført tiltaka som går ut over reint vedlikehald utan at det var søkt om dette på førehand. NVE vil difor ikkje godkjenne tiltak før verneområdestyret har sett på det som er gjort i området og eventuelt handsama ein søknad frå Lyse. Synfaring er gjennomført og eit notat frå sekretariatet om saka er sendt ut saman med møteinnkallinga. Sekretariatet blei bedne om å skrive ei sak om desse tiltaka til neste styremøte. Sekretariatet må og be om ein søknad frå Lyse i samband med sakshandsaminga.

ST 30/14 Søknad om økonomisk støtte til utarbeiding av skjøtselplan/lyngheiprosjekt i Bygland og Åseral kommunar

Forslag til vedtak

Styret støttar prosjektet og vil føre det opp på prioritert plass på søknaden til Miljødirektoratet om forvaltingsmiddel i 2015.

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes

ST 31/14 Vurdering av nasjonalpark som verneform

Forslag til vedtak

Styret tar notatet og orienteringa til etterretning og ber om at sekretariatet tar opp problemstillingane med Statskog og fjellstyra så fort som råd. Notatet må og leggast fram til diskusjon i fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval i løpet av hausten.

Styret ber om å få rapport om desse diskusjonane lagt fram på neste styremøtet saman med ei vurdering av vidare framdrift.

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Styret diskuterte saka. Oddmund Ljosland bad om at første setninga i forslaget til vedtak vart endra slik: «Styret tar notatet til orientering og ber om at sekretariatet tar opp problemstillingane med Statskog og fjellstyra så fort som råd.»

Vedtak

Styret tar notatet til orientering og ber om at sekretariatet tar opp problemstillingane med Statskog og fjellstyra så fort som råd. Notatet må og leggast fram til diskusjon i fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval i løpet av hausten.

Styret ber om å få rapport om desse diskusjonane lagt fram på neste styremøtet saman med ei vurdering av vidare framdrift.

Vedtaket var samrøystes

ST 32/14 Søknad om dispensasjon om helikoptertransport i Dyraheio landskapsvernområde, Gnr/Bnr 56/1, Suldal kommune, Jon Bråtveit

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 3.1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde og §48 i naturmangfaldlova, får Jon Bråtveit løyve til to helikoptertransportar til Krokevasstølen i Dyraheio landskapsvernområde i Suldal kommune. Transportane gjeld flyging av hans slektning Konrad Bråtveit i samband med eit slekstreff, og skal gjennomførast ei løpet av ein dag i perioden 01-07.9.2014.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra

- Flyginga mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300m over bakken mellom landingspunkta
- Det må innhentast naudsynt landingsløyve frå grunneigar og Suldal kommune

Andre vilkår går fram av standard løyve

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Legeerklæring vart delt ut på møtet. Sekretariatet hadde fått melding om at søknaden vart endra til å gjelde i tidsrommet 27.7. -9.8. 2015. Dette må då innarbeidast i vedtaket dersom styret gjev løyve.

Styret drøfta søknaden.

Vedtak

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 3.1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde og §48 i naturmangfaldlova, får Jon Bråtveit løyve til to helikoptertransportar til Krokevasstølen i Dyraheio landskapsvernområde i Suldal kommune. Transportane gjeld flyging av hans slektning Konrad Bråtveit i samband med eit slektstreff, og skal gjennomførast ei løpet av ein dag i perioden 27.7. – 9.8.2015.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra

- Flyginga mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyrning av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300m over bakken mellom landingspunkta
- Det må innhentaust naudsynt landingsløyve frå grunneigar og Suldal kommune

Andre vilkår går fram av standard løyve

Vedtaket var samrøystes

ST 33/14 Svar på klage jf. vedtak AU-sak 20/2014- Angående dispensasjon til snøskuterkjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiene og Frafjordheiene landskapsvernområde- Sandnes Røde Kors Hjelpekorps

Forvalters innstilling

I henhold til § 48 i Naturmangfoldloven og § 3, punkt 5.3 a i Forskrift om vern av Frafjordheiene landskapsvernområde får Sandnes Røde Kors Hjelpekorps dispensasjon til kjentmannskjøring med snøskuter i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Frafjordheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjelder for to årlige kjentmannsturer til hvert av disse områdene:

- Ådneram-Taumevatn-Storevatn-Kringlevatn- Little Aurådalen-Grautheller-Ådneram.
- Ådneram- Taumevatn-Grønappasset- Gofartdalen-Ådneram.
- Sinnes-Degvass-Mangerne- Sandvatn-Lortabu.

Og en årlig kjentmannstur i løpet av 14 dager før Sesilåmi frå Haugen-Øyuvsbu-Håheller- Suleskard.

Løyvene gjelder frem til 30.4.2015 og for inntil fire snøskutere.

Løyvene blir gitt med disse vilkårene:

- Kjentmannsturene skal gå etter kvistet vinterløype.
- Utover dette er patruljering av de stikka løypene ikke tillatt.
- Kjentmannsturene skal varsels, gjennomføres og rapporteres etter retningslinjene fra Miljøverndepartementet.
- Kjentmannsturene fra Ådneram skal samordnes med Rovernes Beredskapsgruppe og skal gjennomføres på samme tid.

- Kjentmannsturen fra Haugen skal gjennomføres i løpet av uka før Sesilåmi.
- Alle kjentmannsturene må avsluttes før 30.april hvert år.
- For å unngå konflikt med turfolk som bruker DNTs kvistete løyper skal en så langt som mulig unngå at kjentmannsturer blir gjennomført i vinter- og påskeferie.
- Andre vilkår fremgår av standard løyve for frivillige hjelpekorps.

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Saka vart utsett og delegert til AU slik at sekretariatet kan sjå nærare på behovet for kjentmannsturar i samband med Sesilåmi.

Vedtak

Saka vert utsett og delegert til AU.

Vedtaket var samrøystes

ST 34/14 Storåprosjektet - Sira-Kvina sin førespurnad om igangsetting av konsekvensutgreiingar

Forvalters innstilling

Etter verneområdestyret si vurdering er kunnskapsgrunnlaget som ligg føre godt nok til å gjennomføre ei grundig og god sakshandsaming av ein dispensasjonssøknad om gjennomføring av Storåprosjektet. Verneområdestyret vil derfor ikkje tilrå at Sira-Kvina gjennomfører ei konsekvensutgreiing av Storåprosjektet før ein eventuell dispensasjonssøknad er handsama. Handsaminga av kraftutbyggingsplanane for Storå bør og følgje normal saksgang. Verneområdestyret ønskjer derfor å handsame dispensasjonssøknaden om gjennomføring av Storåprosjektet etter verneføreskrifta og naturmangfaldslova før ein eventuell søknad om flytting til Samla Plan kategori I, og ei eventuell konsekvensutgreiing og konsesjonssøknad.

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Gaute Tjørhom, direktør i Sira- Kvina, var til stades på møtet og fekk ordet til ei kort orientering.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes

ST 35/14 Høringsuttale til konsekvensutgreiingsprogram for kraftlinja Sauda-Lyse i Vormedalsheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune

Forvalters innstilling

Verneområdestyret godkjenner høyringsuttalen med dei endringane som kom fram under møte. Høyringsuttalen sendes Norges Vassdrags og Energidirektorat innan høyringsfristen 05.09.2014.

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Styret drøfta saka. Jonny Liland påpeika at ein i slike høyringsnotat også bør vurdere eventuelle konsekvensar for rypebestanden.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes

ST 36/14 Søknad om transport med helikopter i samband med produksjon av rakfisk - Jan Brekke - Pytten i Bygland kommune

Forslag til vedtak

I medhald av kapittel IV, punkt 5.1 bokstav c, i verneforskrifta for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde og § 48 i Naturmangfaldlova avslår verneområdestyret i SVR søknaden om dispensasjon til transport med helikopter i samband med fiske på eigedomen Pytten i Bygland kommune.

Styret viser til vedtak i AU-sak 50/2014 og legg vekt på desse tiltak må gjennomførast før styret kan ta stilling til om det kan gjevast dispensasjon til transport med helikopter:

- Prøvefiske må gjennomførast i samarbeid med fiskebiolog i alle aktuelle vatn.
- Med utgangspunkt i prøvefisket må det lagast ein prosjektplan for dette næringsfisket.
- Det må gjerast skriftleg avtale med grunneigar om kor mykje fisk som kan takast ut årleg.

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 3.9.2014

Handsaming i styremøtet

Sekretariatet las opp e-post frå søkjar datert 27. august. Styret drøfta søknaden.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes

ST 37/14 Eventuelt

Saksprotokoll. Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 3.9.2014

Ingen saker vart tatt opp under eventuelt.